

**Sjekk fortøyningane****04.10.2011**

**Ale som har båt i hamna bør no sjekka fortøyningane  
fordi det kan ha skjedd litt av kvart under uveret, held  
styret i båtlaget fram når vind og regn no har roa seg litt.  
Dei båtlag-ansvarlege ber om at det som ikkje er i bruk  
blir fjerna.**

Det er også viktig å ause båtane for å gjera  
belastninga på flytebryggjene mindre.

Ein rask inspeksjonsrunde  
gjev som resultat at oppmodinga frå båtlaget absolutt er på sin plass.  
Til dømes tek det no til å bli mykje vatn i mange båtar  
utan at nokon førebels har kantra. (biletet).  
Men det er ikkje klokt å venta til det skjer

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen